



BONDEUNGDOMSLAGET  
I OSLO



# ÅRSMELDING



2021



# INNHOLD

---

INNHOLD	SIDE
1. Innleiing	3
2. Generelt	4
2.1 Medlemstal	4
3 Kultur- og idrettsaktivitetane	5
3.1 Særlaga	5
3.2 Nynorskens hus	7
3.3 Faste tilskipingar	8
4. Tilskipingar i 2021	9
5. Informasjonsarbeid	10
6. Eigedomar og drift	10
7. Økonomi og forretningsdrift	12
8. Tilsette på lagskontoret	13
9 Valde ombod i og for Bondeungdomslaget	14

Bilete på framsida frå toppen: (1) Skjermbilete frå online møte, (2) Teaterlaget: Frå "Blood on Ice". Foto: Brian Oguin, (3) Songlaget: Frå uteøving på Nedre Blindern gård. Foto: Audun Åby (4) Sentrumsløpet. Foto: Eirik Førde (5) 125-årsjubiletet for Noregs Ungdomslag i Teatersalen. Foto: Kulturfotografen/Thor Hauknes

# 1. INNLEIING

---

2021 vart eit år nærare normalen enn 2020, og store delar av året har det vore normal aktivitet i laget. Likevel har covid 19 og dei medfølgjande restriksjonane prega aktivitetsnivået, særleg for dei aktive vaksne, og det har vore vanskeleg å planleggje aktivitetar. Særleg i byrjinga av året har særlaga i stor grad måtta leggje aktiviteten brakk.

Koronasituasjonen har også prega innteninga frå forretningane, og 2021 har difor ikkje vore året for dei store økonomiske utskeiingane. Dei faste overføringane frå Bøndenes Hus AS har vore reduserte året gjennom, og det har vore eit klart budsjettmål å ikkje bruke meir pengar enn absolutt naudsynt. Det har ikkje vore permitteringar på lagskontoret, men bemanninga har av økonomiske årsaker vore redusert, gjennom at stillinga som organisasjonskonsulent ikkje har vore fylt. Vi har vore heldige å ha mykje utleige i Teatersalen, både gjennom faste leidgetakrar i vekedagane og gjennom stor interesse for helgeleige i periodane restriksjonane har tillate det. Det har gjeve viktig inntekt.

Den reduserte bemanninga på lagskontoret har særleg prega lagsbygginga, ettersom alle oppgåver knytte til fellesprofilering og kommunikasjon har blitt nedprioriterte. Med berre dagleg leiari til å skjøtte dei administrative oppgåvene på kontoret har også bemanningssituasjonen vore sårbar med tanke på sjukdom og anna fråvære, men det har det heldigvis vore svært lite av i staben.

Medlemstalet i laget er omrent på same nivå som i 2020. Etter måten har særlaga gjort eit godt arbeid for å halde aktiviteten oppe gjennom året, med uteøvingar, øvingar i mindre grupper, digitale sosiale hendingar osb.



Foto: Brian Oguin


## 2. GENERELT

### 2.1 Medlemstal\*

MEDLEMSTAL	31.12.2021	31.12.2020	31.12.2019	31.12.2018	31.12.2017
BUL Samla	657	658	639	677	701
Idrettslaget	447	423	393	429	452
Leikarringen	126	137	128	116	115
Av desse i BULder og TrøBUL	17	18	16	12	8
Songlaget	27	29	30	33	37
Teaterlaget	21	24	21	24	22
Ikkje med i eit særlag	36	45	51	63	67

\*Medlemer som har betalt kontingent i løpet av året og som står som medlemer ved årsskiftet.

Betalte 2021, men meldte ut før 31.12.21: 87.



# 3. KULTUR- OG IDRETTSSAKTIVITETAR

## 3.1 Særlega

### Songlaget

Restriksjonane som følgde av koronapandemien har prega Songlaget gjennom 2021, men laget fekk likevel gjennomført to konsertar. Vårsemesteret vart mest krevjande når det gjeld øvingar. I det store og heile var det ikkje opna for innandørs aktivitet. Øvingar vart gjennomførte på Teams eller ute. Semesteret vart avslutta med sommarkonsert ute på Nedre Blindern gard. Hausten vart meir normal, med øvingar innandørs. Songlaget fekk så vidt gjennomført julekonsert før nye restriksjonar kom, rett nok med avgrensa publikumstal. Songlaget er godt nøgde med rekutteringa i 2021, særleg når det gjeld mannsstemmer.



Frå julekonsert med Songlaget i Sagene kyrkje 11. desember. Foto: Terje Svindseth

### Leikarringen

Leikarringen har i året 2021 hatt redusert aktivitet samanlikna med normalår, og ambisjonar. Særleg var vårterminen hardt råka av nedstenging av samfunnet og sosiale aktivitetar.

Likevel har vi halde fram med uteaktivitet og -øvingar for bornegruppene BULder og Brak og TrøBUL. Det har vore viktig for Leikarringen å halde dei tilboda vi har kunna, ope.

Gjennom sommaren var aktivitetsnivået lågt, og det vart inga deltaking på Landskappleiken, slik som tidlegare år. Derimot vart det stor stas på hausten, med lagdans på Oslokappleiken og ei jubileumsmarkering for NU, som fylte 125 i 2021, 2. november. Ved utgangen av 2021 hadde Leikarringen 126 medlemmer.



BULder dansa i gatene på 17. mai. Foto: Anbjørg Myhra Bergwitz

### Idrottslaget

Idrottslaget måtte også i 2021 avlyse trening i ein kort periode frå 23. til 31. januar, men hadde moglegheit til å starte opp att allereie 1. februar med dei yngste gruppene. Breiddeidretten, alle over 20 år, er dei som har blitt hardast råka. For denne gruppa har det vore mykje att og fram og lite organisert trening gjennom store delar av året.

I 2021 vart ASICS Sentrumsløpet igjen utsett frå april, men 28. august kunne vi endeleg ønskje velkommen til løpsfest gjennom Oslo. Det var 6200 påmeldte, og om lag 3000 som fullførte. I løpet av året arrangerte Idrottslaget to stemne i samarbeid med IK Tjalve og SK Vidar,

29. mai og 22. juni. Klubben arrangerte òg to klubbstemne, 10. juni og 29. september, med god deltaking. I løpet av sommaren hadde Idrettslaget friidrettsskule for born frå 6 til 13 år i veke 25, 27 og 32. Den 27. november var det tradisjonelt julestemne i Bærum Idrettspark med 415 påmelde. Idrettslaget var med å arrangere Oslo Bislett Games 1. juli.

Deltakarar frå IL var med på junior-NM på Askøy i slutten av juli, på UM i Trondheim i byrjinga av september og NM i Kristiansand i midten av september.

Ved utgangen av 2021 hadde IL 451 medlemmer – ein auke frå utgangen av 2020. Ein av grunnane til auken er at laget, ved hjelp av appen Gnist, har følgt tettare med på forfall og slik kunna tilby plass raskare til barn på venteliste.



Sentrumslopet 28. august 2021. Foto: Terje Svindseth

## Teaterlaget

Også for Teaterlaget byrja 2021 med restriksjonar som gjorde det uråd å halde fysiske øvingar. Den planlagde framsyninga i vårsemesteret, stykket "Blood on Ice", vart difor utsett til haustferien.

Hausten vart ei god tid før øvingar, og Blood on Ice kunne difor gjennomførast i Teatersalen etter planen i byrjinga av oktober. Stykket vart spela åtte gonger, med tolleg godt frammøte.

Teaterlaget har hatt ein del digitale leseprøver gjennom året, i dei periodane det ikkje har vore tillate å møtast fysisk. Laget arrangerte òg internvisning i desember. Medlemstalet i Teaterlaget held seg stabilt, med 21 betalande medlemmer i 2021.



Frå sminkerommet under arbeidet med "Blood on Ice". Foto: Brian Olgun

## Målarkbeid

2021 vart diverre endå eit år som koronapandemien kom til å setja preg på. Dette la ein dempar på målaktivitetane.

Nynorsk inspirasjonsdag på Det Norske Teatret gjekk føre seg 8. september 2021. Dagen har tidlegare vore kalla motivasjonsdag. Bak den årvisse tilskipinga for lærarar står ei rad mållag,



og målnemnda i BUL er fast støttespelar.

25.-26. september var målnemnda medtilskipar av Norsk målstemna, fjerde året på rad. Fyrste dagen var det seminardag på Litteraturhuset der den første Bibelen på nynorsk, den sokalla Fyrebilsbibelen, utgjeven av Studentmållaget i Oslo, var hovudemnet. Det var godt førebudde og lærerike innlegg, m.a. av professor Anders Aschim og målkonsulent Thorgeir Holm. Oppmøtet var større enn året før. På sundagen var det utfert til Hvitstein i Follo, med servering av fårikål og kake og mykje drøs om smått og stort innanfor nynorsk mål.

Gjennom framsyninga "Ein dag i Nynorskens hus", som er eit samarbeid med DMS, har BUL eit mål om å spreie informasjon om målsoga til skuleelevar, men arrangementet vart diverre avlyst i 2021.

På lagskontoret får Idrottslaget noko språkleg støtte, og informasjon ut frå BUL er på nynorsk, men det har ikkje vore kapasitet til å drive aktivt målarbeid.

## 3.2 Nynorskens hus

### Arrangement i Nynorskens hus

Pandemien har prega aktivitetsnivået i Nynorskens hus i svært stor grad i 2021. Det faste arrangementet "Ein dag i Nynorskens hus" skulle vore spela i januar/februar, men vart først utsett til mai/juni, for til slutt å bli avlyst grunna restriksjonar. 900 sjetteklassingar skulle ha kome og fått ei vandring i språkhistoria og romma i Nynorskens hus. Også seinare arrangement som var planlagde i regi av BUL, måtte avlysast. Mellom anna var det planar om fleire salongar i samarbeid med Samlagsrota på våren, mellom anna med Olaug Nilssen og Ruth Lillegraven som gjester.

Den framsyningsaktiviteten som har vore i Rosenkrantz' gate 8, har i stor grad vore knytt utleige. Mellom anna vart festivalen Haydn på 1-2-3, som er ein årleg festival med fleire kunstformer som i si tid vart utvikla som eit samarbeid mellom Engegårdkvartetten og BUL/Nynorskens hus, arrangert midt i november med godt besøk.



Engegårdkvartetten, med festivalen "Haydn på 1-2-3", er ein av fleire kulturaktørar som leiger Nynorskens hus.

Det har etter måten vore stor interesse for å leige Teatersalen blant eksterne aktørar i dei periodane restriksjonane har tillate det. Aktivitetane blant leidgetakarane spenner vidt, frå konsertar og teaterframstykkingar til julemessar og wrestlingshow. Den mangfaldige scenen er fast leidgetakar gjennom året, både for øving og framstykkingar. Dei måtte avlyse den planlagde barneframstykkinga Brumletrollet i februar, men fekk sett opp nokre andre framstykkingar mot slutten av året.

I løpet av året har Den mangfaldige scenen sett i gang eit prosjekt med innsamling av personlege forteljingar frå innflyttarar til Oslo, og BUL har vore involvert i arbeidet. I 2021 vart det samla inn fem innflyttarsoger, og DMS og BUL vurderer om prosjektet skal utviklast vidare med meir innsamling i 2022. BUL var representert på litteraturfestivalen "Fest i Fjaler" ved Jakob Sande - senter for forteljarkunst i august, på ei ti minutt framstykking med innflyttarsoger.



F.v. Terje Svindseth styreleiar i BUL), Kjetil Solberg

Stavenes og Shwan Wahed i samtale om

8 innflyttarsoger i Fjaler. Foto: David Zadig

I mars vart det klart at Den mangfaldige scenen (DMS), som BUL var med og tok initiativ til i 2007, skulle få Oslo bys kulturpris 2020 for ""for sin langvarige og fremragende innsats på kulturfeltet for barn og unge på tvers av kulturelle og sosiale forskjeller".

Prisen vart delt ut i Oslo rådhus i september, med representantar frå BUL til stades.



Prisvinnarane Liv Hege Skagestad og Camara Lundestad Joof med ordførar Marianne Borgen og leiar i kultur- og utdanningsutvalet Eivor Evenrud under utdelinga i Oslo rådhus. Foto: Oslo kommune/Sturlason

### 3.3 Faste tilskipingar

Heller ikkje i 2021 fekk vi gjennomført dei faste tilskipingane våre: 17. mai og julegraut i Teatersalen.

# 4. TILSKIPINGAR I 2021

Denne lista viser tilskipingar i regi av BUL med særlag, arrangement der særlaget har vore med, og andre arrangement i Nynorskens hus.

Tilskipingar i **utheva skrift** er i regi av BUL, i kursiv er arrangement der BUL har vore med. Aktivitetsnivået er ein god lågare enn eit normalår, som i 2020 vart færre aktivitetar planlagde og ein del tilskipingar utsette eller avlyste, og desse er markerte i raudt.

## Januar

- 13.-31. **Ein dag i Nynorskens hus (avlyst)**

## Mars

24. **Årsmøte BUL (digitalt)**

## April

24. **Asics Sentrumsløpet 2021,  
Idrettslaget (utsett)**

## Mai

17. **Brusteinsball på Universitetsplassen,  
Leikarringen og Songlaget (avlyst)**

17. *Dans i gatene, BULder og Brak / Oslo  
kommune*

17. **Quiz med Leikarringen (digital)**

29. *Stemneserie del 1, IL i BUL/IK Tjalve*

## Juni

13. **Sommarkonsert, Songlaget**  
22. *Stemneserie del 2, IL i BUL/IK Tjalve*

## Jul

- 5.-9. **Friidrettsskule på Bislett (også veke  
31 og 32)**

## August

28. **Asics Sentrumsløpet 2021**

## September

23. **Treningsstemne for barn, IL i BUL/SK  
Vidar**

## Oktoper

- 2.-8. **Blood on Ice, Teaterlaget**

## November

2. **Markering av Noregs Ungdomslag 125  
år i Teatersalen**

7. **Markering for nye heidersmedlemmer  
(utsett)**

27. **Julestemne, Bærum idrettspark,  
Idrettslaget**

## Desember

6. **Internframsyning, Teaterlaget**

8. **Julegraut i Teatersalen (avlyst)**

11. **Julekonsert, Songlaget**

14. **Digital juleavslutning, Leikarringen**



IL inviterte til friidrettsskule i juli og august..

## 5. INFORMASJONSARBEID

Informasjonsarbeid, både internt og eksternt retta, er det feltet som har blitt mest nedprioritert medan bemanninga på lagskontoret har vore redusert. Det har vore lite kapasitet til lagsbygging, og det meste av kontakten frå lagskontoret til særlega har i 2021 vore med særlagsleiarane og stort sett handla om praktiske spørsmål, særleg knytte til økonomi. Nettsida bul.no og kontoane hovudlaget har i sosiale medium, blir berre svært sporadisk oppdaterte. Særlega har på si side hatt ein del aktivitet både på nettstaden (særleg Idrottslaget) og på sine eigne kontoar på Facebook og Instagram. Dette har særleg vore viktig for å informere om endringar i aktivitet som følgje av svingande restriksjonsnivå gjennom året. Fleire av laga har også vore flinke til å ta i bruk digitale løysingar for øvingar og annan aktivitet når fysiske samlingar var umogelag.

Nyheitsbrevet til medlemmene, som frå 2018 gjekk ut fire gonger i året, har ikkje blitt sendt ut sidan før pandemien i februar 2020. Langtidsprosjekt som tidlegare har blitt planlagde, er heller ikkje tekne opp att, som innspeling av filmar i laget for å auke aktiviteten og interesse for å vere aktiv i BUL.

I samband med Sentrumsløpet har Idrottslaget eit svært aktivt informasjonsarbeid gjennom heile året, mellom anna med jamlege nyheitsbrev, og 2021 har ikkje vore noko unnatak. Hovudlaget har hjelpt Idrottslaget med både omsetjing og anna informasjonsarbeid før og under avviklinga av løpet i august,

Leigetakrarar som skal halde framsyningar i Nynorskens hus, har i 2021 fått tilbod om omtale av arrangementet sitt på facebooksida Nynorskens hus, og i tillegg om å setje opp eit enkelt billettsal gjennom nettløysinga TicketCo. Nettsida Nynorskens hus, der vi elles legg ut informasjon om alle arrangementa i Teatersalen, blir ikkje oppdatert som følgje av bemanningssituasjonen på kontoret.



Leikarringen skipa til digital quiz på 17. mai

Foto: Leikarringen/Facebook

## 6. EIGEDOMAR OG DRIFT

### Lagslokala

Det har ikkje skjedd store oppgraderingar i lagslokala i 2021. Scenegolvet har blitt slipt og måla, og elles har det vore normalt vedlikehald av lyd, lys og scenerigg og mekanisk vedlikehald og gjennomgang av flygel. Planane med å kjøpe inn nye stolar er framleis utsette grunna den økonomiske situasjonen, og det same er nye lampar i foajeen.



BUL fekk midlar til å kjøpe inn teknisk utstyr i 2021.  
Foto: Jørn Normann

Gjennom Kulturrom fekk laget midlar til meir teknisk utstyr til Teatersalen, som blir kjøpt inn i 2022. Vi har også gjennomført lyskurs for teknikaren vår gjennom stønad frå Kulturrom.

Ettersom lokala har vore mykje utleigde på dagtid, har straum- og reinhaldsutgiftene vore dei same gjennom året. Mot slutten av 2021 vart straumutgiftene veldig høge, og det vart difor avgjort å auke prisane med 10 % i 2022.

## Hyttene

Røkleivhytta har vore leigt ut 28 døgn og hatt 225 besökande i 2021 (2020: 43 utleigedøgn og 256 besökande). Hytta var nesten ikkje utleigd heile fyrste halvdel av året grunna restriksjonar. Lagskontoret står framleis for booking og fakturering medan hyttestyret står for tilsyn.


Storleiken på hyttene gjer dei særleg sårbare for restriksjonar, og gjennom delar av året har det ikkje vore utleige. Røkleivhytta har i periodane restriksjonane har tillate det, hatt ein del utleige, sjølv om det hadde vore rom for langt meir. Leidgetakarane er i stor grad unge som er engasjerte i foreiningar, og ein del av dei er gjengangarar. Leidgetakarane er jamt over flinke til å vaske og rydde hytta.

Begge hyttene har hatt ein dugnad i løpet av året. 100-årsjubileet til Røkleivhytta, som var i 2020, vart heller ikkje markert i 2021 grunna pandemien. Grunna den økonomiske situasjonen som følgje av pandemien har det ikkje blitt gjennomført anna enn heilt nødvendig mindre vedlikehald på hyttene. Særleg på Røkleiva er det difor ein del vedlikehald som står for tur i 2022.

Toaletta på Bondehytta vart oppgraderte i 2020 med von om å gjere hytta meir attraktiv for bruk og utleige. Diverre har effekten på utleige så langt vore liten, og Bondehytta har også i 2021 vore svært lite utleigd. Styret ønskjer å setje i verk tiltak for å gjere begge hyttene meir kjende for publikum i 2022. Dei høge straumutgiftene merkast på hyttene, og det er difor avgjort å auke leigeprisane med 10 % i 2022.

## Utleige Teatersalen og Lagsrommet

Gjennom heile 2021 har danseskulen Bårdar vore ein trufast leidgetakar på dagtid i Teatersalen, noko som har gjeve viktig og stabil inntekt når salen elles ikkje er mykje utleigd. Teatersalen har også vore ganske mykje utleigd i helgene, i dei periodane restriksjonane har tillate det.



Julestemning på Røkleivhytta..

Foto: Tormod Bønes



Også i 2021 har vi mått ha tiltak for godt smittevern.

Foto: Kari Velure

Dei fleste leigetakarane i Teatersalen har vore der før, men vi får også ein del førespurnader frå nye.

På kveldane i vekedagane er det særlagt i BUL som brukar salen, i tillegg til Den mangfaldige scenen AS (DMS). DMS har som tidlegare også administrasjon hos BUL og betaler husleige for bruken av huset.

## 7. ØKONOMI OG FORRETNINGSDRIFT

Laget hadde i 2021 inntekter på om lag 2,3 mill. før renteinntekter og kostnader på om lag 5,4 mill. Renteinntekter frå Bøndenes hus var på nær 1,5 mill. Fordi restriksjonane som følgje av pandemien har halde fram i 2021, har vi også i år tatt ut mindre likviditet.

Ingen av dei tilsette har vore permitterte i 2021, trass mange restriksjonar og ein framleis stram økonomi. Men BUL har heller ikkje i 2021 brukt meir pengar enn det som har vore rekna som naudsynt, og redusert bemanning på lagskontoret gjennom heile året har bidrige til færre lønsutgifter enn normalt.

Etter eit til tider svært vanskeleg 2020 har 2021 vore eit noko betre år for forretningane. Men også dette året byrja i motbakke, med mange restriksjonar, som særleg prega hotellet og Kaffistova. Ut over året gjekk det langt betre. Både gjennom sommaren og utover hausten, då vi ein lang periode ikkje hadde restriksjonar, gjekk Hotell Bondeheimen svært godt, med mange gjester frå både inn- og utland. Også Husfliden, særleg avdelinga i Rosenkrantz' gate, og Kaffistova har hatt god inntening store delar av året. Midt i desember kom restriksjonane tilbake, og det bidrog til ei litt tøff avslutning på 2021. Dei kom likevel såpass seint at det ikkje hadde den heilt store påverknaden på hotellet og Kaffistova i førjulsdagane, sidan begge uansett skulle halde stengt gjennom romjula.



Hotell Bondeheimen fekk tittelen "Travellers Choice" frå den amerikanske reiseanmeldarsida Tripadvisor i 2021.  
Foto: Facebook/Hotell Bondeheimen

## 8. TILSETTE PÅ LAGSKONTORET

### **Kari Velure**

Dagleg leiar. 100 % stilling. 100 % permisjon frå 21.09 til 31.12.

### **Astrid Marie Grov**

Dagleg leiar (vikar), frå 01.09. 100 % stilling. 50 % studiepermisjon frå 01.11 til 30.11.

### **Liv Hege Skagestad**

Plan- og utviklingsansvarleg. 100 % stilling, 50 % permisjon heile året for å jobbe i Den Mangfaldige Scenen.

### **Jørn Normann**

Ansvarleg for utleige/sal/teknikk. 50 % stilling. Leigd ut 10 % til Den mangfaldige scenen heile året.

### **Eirik Tanberg**



Dagleg leiar i Idrettslaget. 100 % stilling. 100 % permisjon frå 01.01 til 31.07.

### **Simen Wifstad**

Administrasjon- og arrangementsansvarleg i Idrettslaget. 100 % stilling.

### **Ole-Petter Askim Vatne**

Konsulent i Idrettslaget (vikar). 60 % stilling i perioden 01.04-30.06 og 100 % i perioden 01.08.-30.08.



F.v.: Kari Velure, Liv Hege Skagestad, Jørn Normann, Astrid Marie Grov, Simen Wifstad og Eirik Tanberg.

Også i 2021 har lagskontoret vore utan organisasjonskonsulent. Kari Velure var dagleg leiar, og gjorde også dei naudsynte oppgåvene som høyrer til stillinga som organisasjonskonsulent, fram til ho gjekk ut i fødelspermisjon i september. Astrid Marie Grov vikarierte som dagleg leiar ut året og inn i 2022.

Det har ikkje vore ulukker eller skadetilfelle i 2021. Sjukefråværet er lågt. Laget som arbeidsgjevar er bunde av «Landsoverenskomsten for virksomheter» mellom Virke og arbeidstakarorganisasjonane.

# 9. VALDE OMBOD I OG FOR BONDEUNGDOMSLAGET

## 9.1 Lagsstyret 2021/2022

På årsmøtet 24. mars 2021 vart desse valde til lagsstyret:

Leiar	Terje Svindseth
Nestleiar	Anbjørg Myhra Bergwitz
Styremedlem	Gunnvald Grønvik
Styremedlem	Olav-Johan Øye
Styremedlem	Fredrik Elfstrand
1. varamedlem	Anne Cathrine Johansen
2. varamedlem	Steinar Hernes
3. varamedlem	Ivan Kristoffer Nilsen



I 2021 har lagsstyret hatt 10 møte: tre fysiske møte, med høve til digital deltaking, på Lagskontoret og sju videomøte på Teams. Leiar eller nestleiar har leidd møta. Lagsstyret har handsama 98 saker. Varamedlemene vart kalla inn til alle møta. Saker til styremøta blir førebudde i samarbeid mellom lagsleiar/AU og administrasjonen.

## Valde ombod for Bondeungdomslaget i Oslo

### Landsmøtet i Noregs Ungdomslag

Anne Cathrine Johansen, Edvard Lauen, Marie Nicolaisen og Anbjørg Myhra Bergwitz

### Årsmøtet i Bygdelagssamarbeidet

Terje Svindseth og Olav Kårevik

### Årsmøtet i Fylkesmållaget Vikværingen

Kari Anksdal og Terje Svindseth

### Årsmøtet i Det Norske Teatret

Kari Bjørke, Maria Ellingsen Austbø, Kari Anksdal, Mari Elise Haugen, Olav Kårevik, Vidar Lund, Marie Nicolaisen, Vigdis Rønning, Vivian Brattstø Sørensen og Siri Aamodt.

### Årsmøtet i Dag og Tid

Kari Bjørke, Anne Cathrine Johansen, Vidar Lund, Vigdis Rønning og Terje Svindseth

### Rådet i Norsk Barneblad (for 2 år)

Anne Cathrine Johansen (leiar), Gunnvald Grønvik, Arne Nordvi (vara) og Vigdis Rønning (vara)

### Generalforsamling Den mangfoldige scenen AS

Terje Svindseth

### Styret i Den mangfoldige scenen AS

Gunnvald Grønvik og Julie Farseth Berg (vara)

## Personar/BUL-medlemer valde til verv i nærskylda organisasjonar

Terje Svindseth, organisatorisk nestleiar i **Noregs Ungdomslag**

Jon Låte, leiar i **Fylkesmållaget Vikværingen**

Anne Farseth, president i **Norges Friidrettsforbund**



SONGLAGET  
BUL I OSLO • 1914



TEATERLAGET  
I BONDEUNGDOMSLAGET I OSLO



NYNORSKENS  
HUS

**BONDEUNGDOMSLAGET I OSLO 2021**